


På ubåt-jakt i Sognefjorden



PÅ JAKT: -Eg er ute etter all slags informasjon om ubåten i Tollesundet i 1985. Avisartiklane frå den gongen den vart sett, folk som såg den. Ja, det som er å oppdrive av informasjon, seier Harry Valkenier.

HØYANGER: Nederlandske Harry Valkenier har ikkje gitt opp håpet om å finne samanhengen mellom den russiske ubåten som vart observert i Sognefjorden i slutten av mai i 1985, og den russiske loggboka som vart skylt i land på ei strand i Nederland tre veker seinare.

No har han komme til Sogn for om mogleg å få vite meir om hendinga i Tollesundet mellom Skorpa og Losna denne maikvelden for 14 år sidan.

- Eg er ute etter all slags informasjon om hendinga. Avisartiklar frå den gongen ubåten vart observert, folk som såg den. Kort sagt alt som finst av informasjon, seier Valkenier til Firda.

Russisk logbok

Første gang Firda fortalte om Valkenier var for to år sidan. Då stod ei større rettsak på trappene, ei rettsak som Valkenier til slutt vann.

- Etter at eg byrja stille spørsmål om loggboka - innhaldet i den og korleis den hadde komme hit - gjekk nederlandsk etterretning i gang med sine eigne undersøkingar. Av meg. Dei dreiv mellom anna drive utspørningar i nabolaget mitt heime i Haarlem, og all informasjon dei fekk inn vart lagra i eiga mappe.

Denne mappa har Valkenier

no fått sett. I alle fall delar av den.

- Det var eitt av resultata av rettsaka. Eit anna var at den nederlandsk regjeringa vedtok ei ny lov for at ikkje andre nederlendarar skulle bli utsett for noko liknande, fortel Valkenier.

Han vart også tilkjent ei økonomisk erstatning.

- No står ei ny rettsak på trappene, fortel Valkenier. Han vil ha svar på kvar loggboka, som han leverte først til nederlandsk etterretningsteneste og sidan til marinemuseet, tok vegen og kvifor den på mystisk vis forsvann frå safen den var oppbevara i.

Ubesvarte spørsmål

- Sidan det framleis var kald krig den gongen vi fann boka bestemte vi oss for å levere den i frå oss til etterretningstenesta. Dei gjekk igjennom den, men ville ikkje fortelje oss noko om innhaldet i ho.

Sidan vart loggboka levert til marinemuseet.

Det var vennen Pim Veldkamp som i si tid fann den mystiske loggboka. Han ba Valkenier om hjelp, som i sin tur sette i gong sine eigne undersøkingar i sak. «Korleis hadde det seg at den russiske loggboka hadde skylt i land på stranda i Haarlem?», «Kvar kom den i frå?», og, ikkje minst, «Hadde det vore observasjoner av russiske ubåtar på dette aktuelle tidspunktet?».

- Eg var også i kontakt med den norske marinens spørsmål om ubåten ute i Tollesundet, men vart blankt avvist.

- Og bombinga, som sidan



tenberg si bok om slike observasjonar i skandinaviske farvatn. Og det var her eg først gang leste om observasjonen - og bombinga - av det som mest sansynleg var ein russisk ubåt, yst i Sognefjorden i 1985. Ifølgje same boka skal ubåten sidan ha sunke i fjorden, fortel Valkenier.

Over Nordsjøen

- Eg var også i kontakt med den norske marinens spørsmål om ubåten ute i Tollesundet, men vart blankt avvist.

- Og bombinga, som sidan



TIL SOGN: Nederlandske Harry Valkenier har teke turen til Norge og Sognefjorden for, om mogleg, å finne ut meir om observasjonen på midten av 1980-talet.

senka ubåten, meinte han skreiv seg frå steinar som rasa i sjøen, og ingenting anna.

- Men korleis kan du vere så sikker på at ubåten i Tollesundet har noko med loggboka å gjøre?

- For det første er det einaste ubåt-observasjonen som vart gjort på det aktuelle tidspunktet. For det andre er det blitt slått fast at det er fullt mogleg at

havstraumar kan ha teke med seg dagboka frå Sognefjorden og ned til Haarlem. Eg har mellom anna vore i kontakt med fleire ekspertane, nok tid til at loggboka kan ha komme til Nederland.

- Det kan sjølv sagt vere tilfeldigheiter alt saman. Men sjølv tykkjer eg at det då blir litt vel mange tilfeldigheiter på ein gong, legg Valkenier til.

- Trur du at du nokon gong

vil få svar på kva skjedd?

- Det kan godt vere ikkje får. Men eg håper gjer det. Eg kjem difor til setje å leite etter svar mange spørsmåla eg har

FIRDA MAY BRITT EIDE